



Til
Vinje kommune

3890 VINJE

SØKNAD OM FRI FOR ELEV, MAX. 14 KALENDERDAGAR/10 SKULEDAGER

- Inntil ein dag fri kan foreldre/føresette søkje om i meldingsboka. Avgjersle: Kontaktlærer
- Søknad om fri 2-14 dagar skal sendast Vinje kommune. Avgjersle: Skulesjef på den einskilde skule.

Skulesjefen ved den einskilde skule kan etter Opplæringslova § 2-11 innvilge permisjon/fri frå skulen i inntil to veker etter grunnngjeven søknad frå føresette. Søknad om fri frå skulen bør sendast i god tid før fråveret. Skulesjefen sitt svar på søknad om permisjon er eit enkeltvedtak som kan klagast på av føresette, med ein klagefrist på tre veker. Eleven vil få ugyldig fråver for den delen av søknaden som eventuelt ikkje er innvilga.

Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad, rett til å vere borte frå skulen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag, jf. Opplæringslov § 2-11. Det er eit vilkår for retten at føresette syter for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.

Når det blir søkt om fri for elevar utanom skulens fastsette ferie, overtek føresette samstundes ansvaret for barnets undervisning i fråversperioden, og ein må sjå til at barnet ikkje blir hengande etter undervisninga pga. fråveret. Skulen har dessverre ikkje høve til å hjelpe elevar med å ta att undervisning som dei går glipp av i fråversperioden, men dersom kontaktlærer har høve til det, kan pensum/lekseplan for perioden avtalast på førehand slik at skulearbeidet kan gjerast sjølv om ein er bortreist.

Fyllast ut av føresette:

Namn på skulen	
Elevens fulle namn og fødselsdato	Gruppe/klasse
Ynskjer fri frå skulen f.o.m. – t.o.m.	Ant. skuledagar (maks 10)
Grunnen til at ein søker fri frå skulen.	
Eleven får foreldrebasert opplæring i permisjonstida JA <input type="checkbox"/> NEI <input type="checkbox"/> Annan opplæring _____	
Føresette sitt namn og adresse, må fyllast ut med blokkbokstavar Namn: _____ Adresse: _____ Dato: _____ Underskrift føresette: _____	